

Referat frå rådsmøte 1. mars 2011.

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Olav Urbø, Torstein Tveito, Solveig S. Abrahamsen, Aslak Ofte, Bjørn Nome. Hans Bakke, Therese Hauger, Per Dehli, Ketil Kiland, Sverre Sæter og Kjell Gunnar Heggenes.
Olav Urbø gjekk frå møte kl. 11.45

Møteinnkallinga dagsett 22. februar 2011 og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 12/2011 Referat frå rådsmøte 25. januar 2011.

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 25. januar 2011 vart godkjent utan merknader.
Samrøystes*

Sak 13/2011 Pilegrimsvegen ved eit vegskilje. Stagnasjon eller vidareutvikling? Orientering v/Ragnvald Christenson

Ragnvald Christenson, leiar i *Pilegrimsvegen til Røldal*, var tilstades og orienterte om prosjektet som har som målsetjing å gjera vegen til ein nasjonal og internasjonal pilegrimsveg. Han viste mellom anna til *Verdiskapingsprogrammet for kulturminner*, der Valdres saman med Nord-Guldbrandsdal har vore pilotprosjekt innan verdiskaping for kulturminne. Pilegrimsvegen til Røldal er no ved eit vegskilje i høve til vidare utvikling. Ein har fått tilsagn om midlar frå fylkeskommunen, men manglar kr. 300.000 etter avslag frå Kulturrådet. Vest-Telemark Museum og Agder bispedømme har trekt seg ut. Det er no viktig å føre prosjektet vidare gjennom profesjonalisering og kommersialisering. På vestsida av fjellet vert det arbeida med eit pilegrimssenter i Røldal.

Karin Kvålseth frå Vest-Telemark Næringsutvikling AS orienterte om Vandrere regionen, eit prosjekt som omfattar 8 kommunar i øvre Telemark.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 14/2011 Nye avtaler om kollektivtransport i distrikta.

Orientering v/Svein Olav Straand, Telemark Bilruter

Telemark fylkesting vedtok i møte 21.06.10 å gjennomføre tingingar med interesserte leverandørar av kollektivtrafikk. Resultatet av tingingane vart at Telemark Bilruter no nyleg har inngått ei 6-årig avtale frå 1. juli 2011 med opsjon på ytterlegare 2 år, med Telemark fylkeskommune om drift av rutetransport i Vest-Telemark.

På denne bakgrunn var dagleg leiar Svein Olav Straand i Telemark Bilruter AS invitert til å gjera nærare greie for saka.

Det vil etter den nye avtala truleg skje ein del endringar i ruteoppbygging lokalt i regionen med endring av skuletider.

Straand orientera om at Grenlandsekspressen og Telemarkekspressen no er heileigd av Telemark Bilruter AS. Når det gjeld Haukeliekspressen er det tingingar om gjennomgåande rute til Bergen.

Telemark Godslinjer AS er komen godt i gang.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 15/2011 Vest-Telemark Invest AS. Drøfting med styreleiar og dagleg leiar i Vest-Telemark Næringsbygg as

I møte 25. januar 2011 handsama Vest-Telemarkrådet ein søknad frå Vest-Telemark Næringsbygg AS om eit eigenkapitalinnskott på kr. 3 millionar til investeringsselskapet Vest-Telemark Invest AS. Rådet av slo søknaden med grunngjeving at grunnfondsmidlane ikkje er søkbare. Det vart samstundes vedteke å invitere styreleiar og dagleg leiar i Vest-Telemark Næringsbygg til nærare drøfting i rådsmøtet 1. mars.

Tilstades i møte 1. mars var dagleg leiar Haldor Kaasin. Styreleiar Øystein Høgetveit hadde ikkje høve til å møte. Kaasin orienterte nærare om saka.

VTN stiller med inntil 15 mill og andre investorar må kome inn med minst 15 mill i tillegg. Styret i VTN har hatt møte på Stortinget.

Viktige spørsmål å avklare er fylgjande:

- Reelle behovet for såkornfond i Vest-Telemark
- Økonomiske konsekvensar for VTN
- Vilje hjå private investorar
- Vilje hjå offentlege investorar

Styret i VTN skal handsame den konkrete etableringa av selskapet i april og saka vert lagt fram på årsmøte 21. juni 2011.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 16/2011 Strategisk Næringsplan 2011 – 2014, handsaming av planen etter høyring.

I møte 30. november 2010 handsama Vest-Telemarkrådet framlegg til *Strategisk Næringsplan 2011-2014 for Vest-Telemark*.

Rådet vedtok at planen skulle sendast på høyring i kommunane og andre aktuelle høyringsinstansar med høyringsfrist 20. februar 2011.

Arbeidsgruppa for planen har handsama høyringsuttalene og la fram ei tilråding.

Vedtak:

”Strategisk Næringsplan 2011-2014 vert vedteken slik den ligg føre med desse merknadene:

Høyringsuttalar

Strategisk næringsplan er handsama i alle kommunestyra som er med i Vest-Telemark samarbeidet, og alle kommunane har sendt uttale til planen. Det har og kome uttalar/innspeil frå andre aktørar. Alle høyringsuttalene vert lagt til som vedlegg til planen og nyttast i det vidare arbeidet.

Planen sin status

Strategisk næringsplan har status som supplement til dei kommunale næringsplanane.

Kommunal forplikting til planen

Den einskilde kommune må godkjenne si deltaking og direkte økonomiske bidrag (eigenfinansiering) før enkeltprosjekt startast opp.

Permanent regional næringsgruppa

Det vert etablert ei permanent regional næringsgruppe som består av næringsansvarlege i kvar kommune og ein representant frå Vest- Telemark Næringsforum. Næringsgruppa får mandat til å konstituere seg sjølv og velje leiar.

Sekretariat for Vest-Telemarkrådet er ansvarleg for å informere leiar i næringsgruppa fortløypande om nærings saker, samt vere sekretær for gruppa.

Regionsordførar vert invitert til møta som observatør. Det same gjeld representant frå Telemark fylkeskommune.

Mandatet for næringsgruppa er å vera rådgjevingsgruppe for Vest-Telemarkrådet, samt å få ei meir koordinert og fagleg god rådgjevingsteneste, med tett samarbeid mellom kommunane. I tillegg skal gruppa legge til rette for målsetjinga om å få gjennomført regionale tiltak/prosjekt i tråd med strategisk næringsplan.”

Samrøystes vedteke.

Sak 17/2011 Tiltaksretta handlingsplan for landbruket i Vest-Telemark 2011-2014, handsaming av planen etter høyring.

I møte 30. november 2010 handsama Vest-Telemarkrådet framlegg til *Tiltaksretta handlingsplan for landbruket i Vest-Telemark 2011-2014.*

Rådet vedtok at planen skulle sendast ut på høyring i kommunane og landbruksorganisasjonane med høyringsfrist 20. februar 2011.

Arbeidsgruppa handsama høyringsuttalene og leiaren av gruppa, Hans Bakke, la fram ei samanfatning av desse på rådsmøte.

Vedtak: ”Vest-Telemarkrådet vedtek den tiltaksretta handlingsplanen for landbruk med fylgjande endring:

Tiltak 1. 2	Tilrettelegging for ny teknologi
<i>Kort omtale, bakgrunn for tiltaket</i>	<i>Ved å introdusere og teste ut ny teknologi og nye hjelpemiddel kan dette bidra til å effektivisere arbeidsdagen til gardbrukaren. Tiltaket kan og bidra til å spre kunnskap og kompetanse om nye hjelpemiddel. Eksempel på ny teknologi kan vere:</i> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Elektronisk sauebjølle.</i> • <i>GPS- gjerde.</i> • <i>Nettbasert overvaking av fjøs.</i> • <i>Elektronisk brunstovervaking.</i>
<i>Mål</i>	<i>Etablere eit pilotprosjekt saman med næringsaktørar som ynskjer å ta i bruk nyteknologi i landbruksnæring.</i>
<i>Hovudaktivitetar og tiltak</i>	<i>Oppgåver:</i> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Etablere rammevilkår for dei gardbrukarane som ynskjer å ta ny teknologi i bruk.</i> • <i>Kartleggje erfaringane rundt bruk og informere om resultatet.</i>

B. Legge til eit nytt tiltak 1.7 og spisse tiltak 1.5 på rådgjeving skog .

Tiltak 1. 7	<i>Eksempel: Utmark og utmarksturisme</i>
<i>Kort omtale, bakgrunn for tiltaket</i>	<i>Utviklinga i samfunnet har gjort at det fins marknad for utvikling av næring knytt til utmarksressursane. Eksempel på dette kan vere å utnytte areala og ressursane innan jakt og fiske, opplevingar osv. I dag fins det eigne satsingar på innlandsfiske og utmarksturisme som kan bidra til at fleire kan få ny produksjon med vekt på lokale ressursar</i>
<i>Mål</i>	<i>Sikre verdiskaping i bygdene gjennom bruk av utmarksressursar og lokale kvalitetar.</i>
<i>Hovudaktivitetar og tiltak</i>	<i>Oppgåver:</i> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Utnytte eksisterande rådgjeving som kan sikre kompetanse på feltet.</i> <p style="text-align: center;"><i>Sikre informasjon og deltaking i nasjonale eller regionale prosjekt.</i></p>

Regionrådsleiaren får i oppgåve å organisere det vidare arbeidet med gjennomføring av planen på ein slik måte at arbeidsgruppa har ei sentral rolle.”

Samrøystes vedteke

Sak 18/2011 Sakliste til ekstra møte i Vest-Telemarktinget 29. mars 2011.

Til rådsmøte 1 mars låg det føre forslag til sakliste til ekstra møte i Vest-Telemarktinget 29. mars 2011.

Vedtak: ”Vest-Telemarkrådet godkjenner forslaget til sakliste til ekstra møte i Vest-Telemarktinget 29. mars 2011.”

Samrøystes vedteke

Sak 19/2011 Oppstart planprosess ny veg Åmot – Vinjesvingen, oppmoding til Statens Vegvesen.

Det låg føre kopi av brev frå AS Haukelivegen til Statens Vegvesen, der det går fram at selskapet no legg eit sterkt press på vegvesenet for å få utarbeidd kommuneplan for strekninga Åmot – Vinjesvingen på E 134. I løpet av få år vil fleire store prosjekt på E 134 bli realisert og Statens Vegvesen reknar med at desse utbyggingane vil gje 80% trafikkauke på E 134 over Haukelifjell.

Strekninga Åmot – Vinjesvingen har med dagens trase store driftsproblem vinterstid, og det er viktig at ikkje denne strekninga blir ein flaskehals når dei planlagte utbyggingane er realisert. Det er løyvd kr. 2,5 mill frå Vinje kommune og AS Haukelivegen til planlegging.

Vedtak: ”Vest-Telemarkrådet viser til dei store driftsproblema ein har vinterstid på strekninga Åmot – Vinjesvingen. Igangverande og komande utbygging av viktige delstrekningar andre stader på E 134 vil føre til betydeleg trafikkauke. For at ikkje strekninga Åmot – Vinjesvingen skal bli den store flaskehalsen i åra som kjem, er det avgjerande viktig at Statens Vegvesen snarast startar ein planprosess med sikte på ny veg på strekninga.”

Samrøystes vedteke.

Sak 20/2011 Forslag til møtekalender 2011 for Vest-Telemarkrådet.

På bakgrunn av at det berre vart vedteke møtekalender for 1. halvår, låg det føre forslag til møtekalender for heile året 2011.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner forslaget til møtekalender for året 2011. Samrøystes vedteke.

Sak 21/2011 Transportkomitèens befaring i Aust-Agder og Telemark 9. – 11. mai 2011, forslag til brev.

Vest-Telemarkrådet er orientert om at Stortinget sin Transport og kommunikasjonskomite skal ha befaring i Aust-Agder og Telemark i perioden 9. - 11. mai 2011. Det er særst viktig at komitèen legg ruta om Rv 41 og Rv 36 som begge er vegstrekningar der det er gjort særst få utbetringar på mange år.

Rådet meiner at det er gode argument for eit slikt ruteopplegg og at dette lett kan kombinerast med andre aktuelle prosjekt.

Med utgangspunkt i dette låg det føre eit brev frå Vest-Telemarkrådet.

Vedtak: "Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til brev til Telemark Fylkeskommune. Kopi av brevet vert å sende til transportkomitèen, Fylkesmannen og Statens Vegvesen." Samrøystes vedteke.

Sak 22/2011 Orienteringssaker

- Telemark Utviklingsfond. Olav Urbø orienterer frå møte.
Saka utsett
- Mogleg ny drift av Suleskarekspressen, orientering v/Olav Urbø
Saka utsett
- Rv 41 Aust-Agder grense – Brunkeberg, rutevis plan
Anne-Nora Oma Dahle orienterte nærare om saka.
Vedtak: Orienteringa vart teken til vitande.
- Bompengeprojektet E 134, orientering frå møte 17. februar.
Kjell Gunnar Heggenes orienterte nærare om saka
Vedtak: Orienteringa vart teken til vitande.
- LVK
Øyvind Tveit orienterte.
Vedtak: Orienteringa vart teken til vitande.
- Tre høyringar i regi av Telemark fylkeskommune
Halvard Ripegutu orienterte nærare om dei tre regionale planane
Regional plan for nyskaping og næringsutvikling
Regional plan for reiseliv og opplevelser
Strategiplan for idrett og friluftsliv
Vedtak: Orienteringa vart teken til vitande. Regionrådsleiaren utarbeider framlegg til uttale som sendast ordførarane på mail.
- Kort nytt frå kvar kommune

- Saka utsett.
- Brev frå Jon Ingebretsen om felles plan- og byggekontrollør i Vest-Telemark
Rådmannsutvalet har vurdert forslaget som relevant, men bør ikkje prioriterast no.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til tilrådinga frå rådmannsutvalet.

 - Politkar 2020
Regionrådsordføraren orienterte kort om prosjektet som er i god gjenge.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet inviterar prosjektleiarane til neste møte for å gje ei orientering.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes